

Bustadverkstad for Mobø - spørsmål

20. februar 2024 på Raulandsakademiet

Namn på gruppa:

1. Korleis lagar me eit spenstig og attraktivt bustadfelt på Mobø i Raulandsgrend?

- Økonomisk overkommeleg tilbod til unge og einslege
- Makspris 2,5 mill kr
- Nøkkelferdig
- Positive til mindre hus – 70 m² alt på ein flate tilpassa alle aldersgrupper
- Delte meininger om mikrohus på 30 m² og småhus på 40 m³ – meir aktuelt med 70 m²
- Viktig med høve for å byggje på seinare
- Friareal og leikeplass
- Einsarta hus i grupper (tomannsbustader, rekkjehus)
- Utleigehus
- Hage på tomta er viktig
- Viktig å plante til tomtene fortløpende etter opparbeiding for å gjere feltet meir innbydande
- Viktig med samlingsplass
- Felleshus
- Gjesterom

2. Kva kvalitetar meiner du er viktig å ha i eit bustadfelt? List opp

(Store tomter, mindre tomter, leikeplass, samlingsplass, friområde, nærleik til turterren, veranda, grønsakhage/felleshage, garasje/felles garasjeanlegg, bod/lagerplass, klimavenleg, anna)

- Store tomter – store hus (halde på den tradisjonelle bustadforma)
- Mindre tomter – mindre hus (forskjellige bustadtype)
- Utleigehus/utleige mikrohus
- Leikeområde
- Hage på kvar tomt, høve for eigen eller felles kjøkkenhage/grønsakdyrkning
- Sosiale møteplassar – fellesområde/samlingsplass/utebenkar/gapahuk
- Harmonisk bustadfelt med einsarta byggjestil
- Gang- og sykkelveg langs fylkesvegen og opp Steinbakken
- Gateljos
- Høve for snølagring
- Gode siktliner ut mot veg er viktig
- Parkering på tomt/garasje på tomt/garasjeanlegg
- Nærleik til turterren og naturen
- Energieffektive bygg - solcelle, bergvarmeanlegg, passivhus
- Tradisjonell byggjestil i bustadfeltet
- Plassering av hus i forhold til soltilhøve

3. Er det aktuelt med prøvebustad på Mobø? Kva type prøvebustad kan vere spanande for unge og tilflyttarar?

(Prøvebustad er ei bustad som ein kan prøvebu ei periode for å prøve ut bustadtype eller bustadområde før ein evt. kjøper eigen bustad/tomt)

- *Delte meininger om prøvebustad*
- *Nokon syns det kunne vere spanande og aktuelt, andre hadde ikkje tru på det*
- *Kan vere aktuelt å prøvebu eit småhus eller mikrohus på Mobø*



4. Kva bustadtype kan vere aktuelt på små/mindre tomter?

Mobø har i utgangspunkt 14 mindre tomter på 400 m² og 3 stortomter med 3-5 bueiningar kvar.

- *Småhus på 70 m², alt på ei flate tilpassa alle aldersgrupper*
- *Tomannsbustad*
- *Rekkjehus*
- *Avgrense høgda for å ikkje hindre utsikt frå eksisterande bustadfelt på Steinbakken*
- *Nokon ynskja større tomter – 1 mål tomter og einebustader*

5. Skisser 2 alternativ på korleis du ville laga bustadfeltet på Mobø:

(store hus, småhus, rekkjehus, tun, felleshus, veg, gangveg, leikeplass, samlingsplass, grillhytte, garasjer eller garasjeanlegg, anna)



6. Har du andre tankar eller idear du meiner kommunen må ta med vidare i planarbeidet med Mobø bustadfelt?

- *Det må vere høve for å utvide husene på tomtene på eit seinare tidspunkt*
- *Luft mellom tomtene*
- *Grønt areal*
- *Harmonisk bustadfelt, ikkje alt på rekkje og rad*
- *Viktig med god snølagring*
- *Føresegner på tilpussing*
- *Trafikksikringstiltak – vidareføre gs-veg frå Harkjellstaul til Rauland kyrkje til, gs-veg opp Steinbakken, gateljos, fartshumpar*
- *Bruke lokale entreprenørar og leverandørar*

7. Har du innspel til korleis me kunne gjort bustadverkstaden/folkemøtet betre?

- *Bra og informativt møte*
- *Bra med spørsmål og høve for å skissere/teikne*
- *Bra med innføring først og så gruppearbeid*
- *Fint å sitte på bord med dei ein kjenner – det gjer at praten og drøftinga gjeng lettare*
- *Gledar seg til planforslag*
- *For å få fleire unge:*
 - *Kople på ungdomsrådet*
 - *Kontakte ivrige unge personar i ulike aldersgrupper for å planlegge deling innanfor dei ulike aldersgruppene*
 - *Eige ungdomsmøte på den lokale puben, gjerne på torsdagar for å få med vekependlarane*
 - *Tilbakemelding på nett – MittInnspel på arealplaner.no er ein enkel plass innbyggjarane kan gje digitale innspel på plansaker som er på høyring*
 - *Spørjeundersøking*
- *Dei fleste hadde fått med seg denne bustadverkstaden/folkemøte på den nye Civis-appen eller Facebook*